



Børsdalsnissen spelar piano i Gamleskolen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

### Er nissen vår i Uskedalen inne i ei identitetskrise?

#### Det kan vere grunn

til å stilla spørsmålet etter julegrantenninga fordi han opererer med fleire namn.

I ei årrekke har vi for vår del kalla han Børsdalsnissen og det gjer også Aktivitetshusets Damevenner i samband med tenninga.

Men så kjem Kvinnheringen med ein reportasje og då opererer dei med Ulvanåsnissen.

Det minnar oss om at han for nokre år sidan vart presentert i det til då einaste intervju han hadde vore villig til å gje.

Då uttala han at han heitte Ulvanosonissen.

Ulvanåsnissen og Ulvanosonissen kjem omtrent på eitt ut, men det trengs ei klargjering rundt desse formane og Børsdalsnissen. I intervjuet opplyste han at han bur i Børsdalen og difor altså namnet.

Det er vel difor naturleg å halda på Børsdalsnissen før ein tilkallar psykiatrisk hjelp?

Av Ola Matti Mathisen